

BOKN KOMMUNE FORVALTNINGSSTYRE

MØTEINNKALLING

Møtedato: 31.08.2016
Møtestad: Boknatun
Møtetid: Kl. 19:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Bokn kommune
25. august 2016

Emilie Moi Eikje
leiar

Kåre Bua
sekretær

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
024/16	Møtebok frå forvaltningsstyremøte 08.06.2016
025/16	Reguleringsplan Føresvik Hamn -vestre del - endeleg handsaming
026/16	Gnr. 10 bnr. 2 - Ottar Borgenvik - frådeling av hyttetomt - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan
027/16	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - einebustad - klage på vedtak
028/16	Gnr.11 bnr.325 - Nibe AS- einebustad - dispensasjon frå reguleringsføresegnene
029/16	Gnr. 3 bnr. 61 - Janne Ytreland og Magne Ognøy - einebustad - dispensasjon
030/16	Gnr. 23 bnr. 14 og 15 - Grieg Seafood Rogaland - avkjørsle til fylkesvegen - dispensasjon
031/16	Meldingssaker til forvaltningsstyret i møte 31.08.2016.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	31.08.2016	024/16	GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033, K3- &17 Objekt:	Arkivsaknr: 16/18
-------------------------	--------------------------------------	----------------------

Møtebok frå forvaltningsstyremøte 08.06.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	31.08.2016	025/16	BJL

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: K2-L12 Objekt:	Arkivsaknr 14/119
---------------------	--------------------------	----------------------

Reguleringsplan Føresvik Hamn -vestre del - endeleg handsaming

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	23.02.2014	Johannes Svendsen	Innspel til reguleringsarbeid
2	U	28.02.2014	Hereid Hus Kåre Frøland	Videresender innspill reguleringsplan Føresvik Marina
3	I	26.03.2014	Fylkesmannen i Rogaland	Uttalelse til varsel oppstart av reguleringsplan for utviding av sjøareal for vestre del av hamnebassenget Føresvik Marina, Bokn
4	I	07.04.2014	Kystverket	Uttale til varsel om oppstart av reguleringsarbeid - Vestre del av havnebassenget Føresvik Marina
5	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Reguleringsplan , 1. gongshandsaming, 2014.06.13
6	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Vedlegg til planskildring. 2014.06.13, 1. gongs handsaming
7	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Reguleringføresegner. 2014.06.13, 1. gongshandsaming
8	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Planbeskrivelse. 2014.06.13, 1. gongshandsaming
10	U	30.06.2014	Hereid Hus	Reguleringsarbeid Føresvik Marina - prinsippvurdering - melding om vedtak
12	I	25.08.2014	Kåre Frøland	Føresvik Marina. Kommentar til Bokn k. sine merknadar.
13	I	26.08.2014	Kåre Frøland	Manglande vedlegg. Førsvik Marina.
14	U	29.08.2014	Hereid Hus	Reguleringsarbeid Føresvik Marina - prinsippvurdering - melding om vedtak
15	U	16.09.2014	Kåre Frøland	Utlegging av reguleringsplan til offentlig høyring.

16	I	17.11.2014	Kåre Frøland	Føresvik Marina
17	I	17.11.2014	Kåre Frøland	Føresvik Marina. Grunnngjeving av avslag.
19	U	09.12.2014	Hereid Hus AS Siv. ark. Kåre Frøland	Reguleringsplan for Føresvik Marina - grunnngjeving for vedtak - vidare arbeid
20	I	19.01.2015	Kåre Frøland	Drøfting av tiltak etter forvaltningsstyret sitt vedtak sak 023/14
22	I	25.01.2015	Oddvar Hognaland	Merknad til nabovarsel.
23	I	25.01.2015	Erling Sæbø	Merknad til nabovarsel.
21	I	06.02.2015	Ole Johnny Hauge	Kommentar til merknad frå nabo, eigar av gnr.9 bnr. 133
24	I	13.03.2015	Kåre Frøland	Planskildring med vedlegg.
25	I	13.03.2015	Kåre Frøland	Reguleringsplan for Føresvik Marina.
26	I	13.03.2015	Kåre Frøland	Reguleringsføresegner.
27	X	08.04.2015		Reguleringsplanforslag Føresvik Marina
28	I	23.04.2015	Kåre Frøland	Molo som byggegrunn
29	I	23.04.2015	Jan Erik Nygaard	Fwd: Føresvik Marina. Brev til rådmannen.
30	U	04.05.2015	Hereid Hus	Fwd: Føresvik Marina. Brev til rådmannen.
31	I	22.06.2015	Kåre Frøland	Reguleringsarbeid Føresvik Marina
32	I	26.08.2015	Kåre Frøland	Føresvik Marina. Reg.best.10.3.15
33	U	26.08.2015	Hereid Hus	Konsulentvurdering av molo.
34	I	21.09.2015	Kåre Frøland	Reguleringsplan Føresvik Marina
36	I	25.09.2015	Kåre Frøland	Føresvik Marina,
35	I	27.09.2015	Kåre Frøland	reguleringsføresegner datert 17.09.15 og planskildring.
37	I	30.09.2015	Morten Sageidet	VS: Føresvik Marina
38	U	05.10.2015	Hereid Hus AS	Plankart for Føresvik Marina - oppmoding om vidare førehaving
40	I	28.03.2016	Kåre Frøland	SV: Framlegg til ny reguleringsplan for Føresvik Marina
39	U	30.03.2016	morten.sageidet@fmro.no,	Reguleringsplan Føresvik Marina - oppmoding om vidare førehaving
41	I	03.04.2016	Kåre Frøland	Reguleringsføresegner m/plankart - Føresvik Marina
42	I	03.04.2016	Kåre Frøland	Vedr. møre om reguleringsplan for Føresvik Marina
44	I	18.04.2016	Kåre Bua	Føresvik marina. Planskildring
46	I	19.04.2016	Ole Johnny Hauge	Føresvik marina.
47	U	18.05.2016	Grunneigarar og naboar etter adresseliste	reguleringsføresegner
48	U	18.05.2016	Fylkesmannen i Rogaland; Kystverket; Rogaland fylkeskommune;	VS: Føresvik Marina. Reg.best.17.4.16

VS: parkeringsoversikt.

Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs handsaming - høyring

Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs handsaming - høyring

			Karmsund Havn; Føresvik velforening v /Hanne Marte Vatnaland; Haugaland Kraft; Statens vegvesen Region Vest; Stavanger Maritime Museum	
49	U	18.05.2016	Haugesunds Avis	Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs handsaming - høyring
50	U	18.05.2016	Bjørn Løvland	Fakturagrunnlag
51	I	13.06.2016	John Arvid Djupesland Haugaland Kraft AS	Reguleringsplan for Føresvik Marina, Bokn kommune, merknader fra Haugaland Kraft AS
52	I	19.06.2016	reg.vest, Ivar Thorkildsen Statens vegvesen	Dokument 16/81174-2 Fv.890 - Uttale til offentlig høyring av reguleringsplan - Føresvik Marina
53	I	28.06.2016	Morten Sageidet Fylkesmannen i Rogaland	Fråsegn til reguleringsplan for Føresvik Marina Gnr: 9/14 m.fl.
54	I	29.06.2016	Styret i Sameiet Føresvik Marina	Kommentarer/innsigelser til Reguleringsplan for Føresvik Marina
55	I	03.07.2016	Oddvar Hognaland	Eigar av GBR: 9/133 - Oddvar Hognaland - merknader til plan
56	I	07.07.2016	Arvid og Agnes Sæbø	Merknad til reguleringsplan for Føresvik Marina
57	I	10.07.2016	Julianne og Johannes Nilssen	Kommentarer til Regulering Føresvik Marina
58	U	11.07.2016	Per Anda	SV: Utsettelse på svarfrist - reguleringsplan Føresvik Marina
60	I	21.07.2016	Fylkesrådmannen v/Per Anda og Paal Kloster	Uttalelse til reguleringsplan - høring
59	U	22.07.2016	Hereid Hus	Reguleringsplan Føresvik Marina - innkomne merknader i høyringsrunden
63	I	16.08.2016	Kåre Bua	VS: Føresvik Molo

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova
Kommuneplanen sin arealdel
Gjeldande reguleringsplan for området

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Hamn – vestre del, med plankart dagsett 11.05.2016 og føresegner dagsett 18.08.2016.

Kva saka gjeld:

Framlegg til endring av reguleringsplan for vestre del av hamnebassenget i Føresvik vert fremja for 2. gongs handsaming.

Planområdet omfattar vestre del av hamnebassenget i Føresvik, og omfattar eit areal på ca. 8,1 daa der ca. 4,1 daa er sjøareal.

Kommuneplan for Bokn (kst. 17.12.2013) viser omsøkte planområde med horisontal skravur. Dette tyder at «Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde».

Bakgrunn for saka:

Føremålet med planarbeidet er å betre det sjønære tilbodet til innbuarar og andre brukarar av området ved å:

- 1) Etablere sjøbuer på molo knytt til båtplassar langs sørsida av moloen.
- 2) Betre trafikktryggleiken på tilkomstvegen, m.a. vurdere ei løysing på eksisterande kryss med naustvegen lengre aust. Flytte tilkoplinga mellom molovegen og kommunal veg lengre nord enn eksisterande tilkopling.

Området er i stor grad utbygd. Molo er etablert. Med grunnlag i gjeldande reguleringsplan er 16 naust og tilhøyrande brygger bygde. 1 naust og 2 båtgarsjar er byggemelde og godkjende- og under oppføring. Moloveg er bygd. Ein del utliggarar er montert

Tidlegare kommunal handsaming

I 2014 vart det i sak 017/14 lagt fram ei prinsippvurdering vedkomande endring av reguleringsplanen.

Det var på det tidspunktet fleire tilhøve ved planen som ikkje var tilstrekkeleg avklara, og saka vart derfor lagt fram med fylgjande forslag til vedtak:

1. *Forvaltningsstyret er i prinsippet positiv til omregulering av eksisterande naust til rorbuer og omlegging av tilkomstvegen fram til den kommunale vegen i sør.
Før det vart teke endeleg stode til om planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn, må planen endrast/må det gjerast nærare greie for dei punkt som går fram av sakførebuinga.
Planen må vise gangveg/fortau langs den omlagde vegen som i nåverande plan*
2. *Før det vert teke stode til spørsmålet om bygging på den eksisterande moloen, må det dokumenterast at moloen tilfredstiller krava til byggegrunn i høve til § 21-8 i plan- og bygningslova og § 7-2 i TEK 10.*
3. *Administrasjonen får fullmakt til å gjere vedtak om å sende planen på høyring og legge den ut til offentleg ettersyn, dersom planen vert justert og problemstillingane som er peikt på i saksførebuinga vert gjort greie for på ein tilfredstillande måte.*

Ved handsaminga i forvaltningsstyret sitt møte 26.06.2014 vart saka utsett, og ved ny handsaming i møte 27.08.2014, sak 023/14, fekk rådmannen sitt forslag til vedtak ingen stemmer, og fall.

Det vart ikkje fremja noko alternativt forslag til vedtak av utvalet.

Forslagsstillarane ba om grunngjeving for forvaltningsstyret sitt vedtak, som i realiteten innebar at saka om reguleringsendring ikkje vart fremja.

I sak 048/14 vart det gjort fylgjande vedtak:

1. *Grunngjevinga for at rådmannen sitt vedtak fall i sak 023/14 er at planen ikkje er i samsvar med kommuneplanen kva vedkjem bruksendring frå naust til rorbuer. Eventuell bruksendring til rorbuer må avklarast i kommuneplanarbeidet.*
2. *Forvaltningsstyret vil rå til at planen blir lagd ut dersom forslaget om å gjera om eksisterande naust til rorbuer blir teke ut av planen. Før det vert teke endeleg stode til om planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn, må planen endrast/må det gjerast nærare greie for dei punkt som går fram av sakførebuinga i sak 023/14. Planen må vise gangveg/fortau langs den omlagde vegen som i nåverande plan*
3. *Før det vert teke stode til spørsmålet om bygging på den eksisterande moloen, må det dokumenterast at moloen tilfredstiller krava til byggegrunn i høve til § 21-8 i plan- og bygningslova og § 7-2 i TEK 10.*
4. *Endra plan blir å leggja fram for forvaltningsstyret til ny handsaming før han kan bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.*

I tida etter dette vedtaket vart gjort, har det vore dialog mellom kommunen og forslagstillaren om ulike tilhøve knytt til planframlegget.

I planskildringa til det endelege planframlegget heiter det:

Konsekvensar av forvaltningsstyret sitt vedtak av 27.08.14.

1. *Sameiet «Føresvik Marina» v/styret er ikkje lenger forslagstiller og ynskjer ikkje å bruke meir tid og pengar på vidare planlegging ut over det som allereie er godkjent og opparbeidd. Utan utsikt til vidare utvikling av nausta som rorbuer, ser sameiget heller ingen grunn til å vere med på vidare utvikling i området dersom ikkje rorbuer kan etablerast. Sameiget viser til at eksisterande naust og brygger er godkjende i samsvar med gjeldande reguleringsplan og den vegtraseen som der er vist.*
2. *Svehaug Entreprenør går inn som forslagstillar. Forvaltningsstyret sitt vedtak om å ikkje godkjenne bruksendring av naust til rorbuer blir tatt til fylgje.*
3. *Forslagstillar sin intensjon med planen blir utan rorbuer langt mindre pretensiøs. Varslingsteksten (vedl. A) står ved lag, men omfanget av tiltak blir naturleg nok redusert når det gjeld uteopphaldskvalitetar, gangvegar, parkeringsplassar og rekkefølgekrav som naturleg er knytt til etablering av 16 fritidshus.*
4. *Plankart, reguleringsføresegner og planskildring må dels mykje omarbeidast og blir fremja ut frå dei føresetnadene som no gjeld.*

5. *Forvaltningsstyret har i sitt vedtak sak 048/14 den 04.12.14 sett ulike vilkår for vidare førehaving. M.a. må søkar gjere nærare greie for dei punkt som går fram av saksførebuinga i sak 023/14. Saksførebuinga i sak 023/14 er gjennomgått og kommentert/gjort greie for i vedlegg B. Dette notatet låg til grunn for møte mellom Bokn kommune og forslagstillar den 28.01.15. I notatet går det fram kva som blir tatt med i planforslaget og spesifisert kva ein konkret vart samde om i møtet den 28.01.*
6. *I tida etter overnemnde møter, har forslagstillar (Svehaug Entreprenør) funne det føremålstenleg å få dokumentasjon på at moloen tilfredstiller krava til byggegrunn i høve til §28-1 i plan- og bygningslova og §7-2 i TEK10. Petter J. Rasmussen AS, rådgivende ingeniører og arkitekter har vurderert eksisterande molo og oversendt ei foreløpig løysing som grunnlag for vidare arbeid fram mot arbeidsteikningar (vedl. 18).*

Forvaltningsstyret vedtok i møte 11.05.2016 å leggje framlegget til reguleringsplan for Føresvik Marina ut på høyring i samsvar med § 12- 10 i plan- og bygningslova. Uttalefristen vart sett til 11.07.2016.

Innspel i høyringsrunden

1.gongs vedtaket av reguleringsplanen vart annonsert i Haugesunds Avis og lagt ut på kommunen sine heimesider.

Frist for tilbakemelding vart sett til 11.07.2016.

Offentlege høyringsinstansar og naboar/grunneigarar vart i tillegg varsla direkte med brev.

I høyringsrunden kom det inn uttale frå Haugaland Kraft Nett AS, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune.

Det kom og inn 4 merknadar frå private.

Innspela er referert i kortform nedanfor med kommentarar.

Dei fullstendige merknadane fylgjer som vedlegg til saka.

Haugaland Kraft Nett AS (14.06.2016)

Haugaland Kraft Nett AS føreset at deira eksisterande nettanlegg vert teke omsyn til i reguleringsarbeidet.

Det vert også gjort merksam på at avhengig av planlagt effektbehov, kan det vera aktuelt med ny nettstasjon/trafokiosk og nye høgspente jordkablar innafor planområdet, men dette kan det først gjevast uttale om når det ligg føre konkrete planar for området.

Kommentar

Merknaden fører ikkje til endringar i planframlegget.

Statens vegvesen (15.06.2016)

Statens vegvesen har ingen merknader til planframlegget.

Fylkesmannen i Rogaland (29.06.2016)

Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til planframlegget, men gjer merksam på at utfylling i sjø i samsvar med planen, krev eige løyve etter forureiningslova.

Kommentar

I framlegget til reguleringsføresegner er det stilt krav om at det må dokumentarast at moloen er tilstrekkeleg sikker som byggegrunn.

Dette inneber også at det må søkjast løyve etter forureiningslova.

Merknaden frå Fylkesmannen fører ikkje til endringar i planframlegget.

Rogaland fylkeskommune – Regionalplanavdelinga (11.07.2016)

Fylkeskommunen støttar kommunen sitt tidlegare vedtak om ikkje å tillate at eksisterande naust vert regulert om til fritidsbygg.

I forlenginga av dette, gir fylkeskommunen fagleg råd om at kommunen ikkje tillèt overnatting i dei planlagde sjøbuene, og at det vert innført ein maksimal BYA pr sjøbu på maks 15 m².

I tillegg vert det gjeve fagleg råd om fleire tiltak for å sikre ålmenn ferdsle for fotgjengarar på gangvegen gjennom bryggeanlegget, og at det ikkje vert lagt til rette for gateparkering (felt 3).

Kommentar

Pkt 1.1.5 i framlegget til reguleringsføresegne som omhandlar sjøbuene, har fylgjande ordlyd:

1.1.5 Sjøbuer

I området kan det førast opp bygningar med buer for brukarane av småbåthamnene. Buene skal primært nyttast for lagring av utstyr tilknytta fiske og friluftsliv i båt. Innanfor «Sjøbuer1»/«Sjøbuer2» kan det etablerast felles sanitæranlegg.

Bygg må førast opp innanfor dei grensene som er vist i planen. Buene skal utførast med saltak der max. mønehøgde ikkje skal overstige 6,5 m. Det vert lagt vekt på variasjon i høgder, takvinkel og møneretning. Kvart område skal byggast ut etter ein samla og godkjend plan. Takvinkel skal primært vere mellom 32 og 38 grader. Taktekking skal vere i tegl, skifer eller liknande betongprodukt. Fasadar mot hamna skal ha trepanel og farge i kvitt, oker, låveraud eller naturleg grått. Vindauge skal ha ståande format. Mot hamna kan inntil 30% av fasaden ha dør/vindauge eller andre opningar, men likevel utan at preget av sjøbu vert øydelagt.

Ferdig golv kan ligge på kote 2,0. Føresetnaden er at bygningsdeler under kote 2,5 blir utført slik at inntrenging av sjøvatn ikkje vil påføre bygningen skader.

Vegg mot nord må sikrast mot vind og bølgepåverknad. Utføring i betong eller mur blir akseptert dersom det er tilpassa bygga sin stil og samla uttrykk. Tak sin konstruksjon og bruk av festemiddel må ha særleg merksemd. Bygga kan brukast til overnatting og dagopphald for båtbrukarane i hamna. Vatn og avlaup blir ikkje tillatt innlagt. Felles sanitæranlegg og vannpost kan etablerast innanfor område for sjøbuer.

Innanfor område «Sjøbuer2» kan det leggjast til rette for opphald og uformell møteplass under tak. Takform og materialbruk skal tilpassast sjøbuene og må prosjekterast i samla plan for «Sjøbuer 2». Sanitærbygg og uteplass er felles for båthamna sine brukarar/sjøbuer/naust sine eigarar.

Sjøbuene er i hovudsak knytt til småbåtanlegg «SBA1» og har ikkje separate parkeringskrav.

Ved byggemelding må det i samsvar med pbl§28-1 dokumenterast at molo er tilstrekkeleg sikker som byggegrunn. Tilsvarende gjeld for den til ei kvar tid gjeldande byggtekniske forskrift.

Føresegnene opnar opp for at bygga kan nyttast til overnatting, noko som strid mot det kommunen tidlegare har vedteke i høve til nausta som allereie er bygde, slik fylkeskommunen peikar på i si fråsegn.

Det er også opna opp for ei større mønehøgde på desse sjøbuene enn det som går fram av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for naust.

Dette bør korrigerast slik fylkeskommunen gir råd om.

Som det går fram av framlegget til føresegner, er det føresetnaden at kvart område skal byggast ut etter ein samla og godkjend plan, og før bygging kan skje, må det dokumenterast at moloen er tilstrekkeleg sikker som byggegrunn.

Den endelege utforminga av sjøbuene bør derfor utstå og vurderast i tilknytning til handsaminga av detaljplanen som skal lagast.

Føresegnene bør derfor få fylgjande ordlyd:

I området kan det førast opp bygningar med buer for brukarane av småbåthamnene. Buene skal nyttast for lagring av utstyr tilknytta fiske og friluftsliv i båt. Innanfor «Sjøbuer1»/«Sjøbuer2» kan det etablerast felles sanitæranlegg.

Bygg må førast opp innanfor dei grensene som er vist i planen .

Kvart område skal byggast ut etter ein samla plan, som skal godkjennast av kommunen før det kan gjevast byggeløyve. I samband med utarbeiding av planen og oppføring av sjøbuene, må det gjerast greie for, og gjennomføre, tiltak for å sikre ålmenn ferdsle for fotgjengarar på gangvegen gjennom bryggeanlegget .

Utforming og storleik på sjøbuene må vurderast i detaljplanen.

Mønehøgde må ikkje vera større enn 5,0 m målt frå topp innvendig golv. Ferdig golv kan ligge på kote 2,0.

Vegg mot nord må sikrast mot vind og bølgepåverknad. Utføring i betong eller mur blir akseptert dersom det er tilpassa bygga sin stil og samla uttrykk. Tak sin konstruksjon og bruk av festemiddel må ha særleg merksemd. Vatn og avlaup blir ikkje tillate innlagt. Felles sanitæranlegg og vannpost kan etablerast innanfor område for sjøbuer.

Innanfor område «Sjøbuer2» kan det leggjast til rette for opphald og uformell møteplass under tak. Takform og materialbruk skal tilpassast sjøbuene og må prosjekterast i samla plan for «Sjøbuer 2». Sanitærbygg og uteplass er felles for båthamna sine brukarar/sjøbuer/naust sine eigarar.

Sjøbuene er i hovudsak knytt til småbåtanlegg «SBA1» og har ikkje separate parkeringskrav.

Ved byggemelding må det i samsvar med pbl§28-1 dokumenterast at molo er tilstrekkeleg sikker som byggegrunn. Tilsvarande gjeld for den til ei kvar tid gjeldande byggtekniske forskrift.

Pkt. 2.5 i føresegnene når det gjeld parkering vert endre slik at parkeringsplass 3 (langs vegen) utgår.

Dei faglege råda frå Rogaland fylkeskommune skulle med desse endringane vera teke omsyn til.

Styret i Sameiet Føresvik Marina (30.06.2016)

Styret i sameiget protesterer mot at «Føresvik Marina» vert nytta som namnet på planen, og tek elles atterhald om dei deler av planen som råkar deira gards- og bruksnummer.

Dersom bygging på moloen vert tillate, meiner styret at byggehøgda må avgrensas til 5,0 m i samsvar med kommuneplanen.

Lengda på utriggarar må avgrensas til 8 m.

Styret i sameiget legg elles til grunn at dei rekkefylgjekrava som ligg i framlegget til føresegner, vert etterlevd. Det vert også vist til at avslutning av moloen er under all kritikk, og representerer ein tryggleiksrisiko.

Kommentar

Når det gjeld namnet på planen, bør denne i det vidare arbeidet endrast til «Føresvik hamn- vestre del».

Høgda på framtidige bygg på moloen, vert foreslått endra til 5 m, for å samsvara med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, jfr. kommentaren knytt til Rogaland fylkeskommune sine faglege råd.

Når det gjeld kommentarane vedkomande lengda på utriggarar, vert det i føresegnene teke inn at lengd på utriggarar skal godkjennast av Karmsund Havn etter ei maritim vurdering ut frå hamne- og farvasslova.

Framlegget til føresegner inneheld ikkje spesielle rekkefylgjekrav knytt til molo utover at det må dokumenterast at denne tilfredsstiller kravet til byggegrunn før bygging kan tillatast.

Det er foreslått at det skal stillast krav om at utbygging skal skje etter ein samla detaljplan som skal godkjennast av kommunen, jfr. kommentar knytt til faglege råd frå fylkeskommunen.

I denne planen må det visas i detalj både korleis sikring er tenkt utført med omsyn til fallsikring av moloveg, og utførsle av moloen elles.

Kommentarane frå styret i Sameiet Føresvik Marina skulle dermed i det store og heile vera teke omsyn til.

Oddvar Hognaland (03.07.2016)

Eigar av gnr. 9 bnr. 133 gjer merksam på at det ikkje vert gjeve løyve til utriggar aust for eksisterande naust på denne eigedomen.

Han viser samstundes til at han ynskjer å regulere inn 2 nye nausttomter for sal på denne eigedomen.

Kommentar

Det at framlegget til reguleringsplan opnar opp for utlegging av flytebrygger i området, inneber at det ikkje er noko til hinder i planverket etter plan- og bygningslova for utlegging av utriggarar i området.

Derimot regulerer ikkje planen om private rettstilhøve måtte vera til hinder for utlegging av utriggarar, og heller ikkje om hamne- og farvasslova er til hinder for utlegging av slike ut frå vurdering av maritime tilhøve, slik som manøvreringplass, tilflott etc.

Det siste er det Karmsund Havn som må vurdere når det ligg føre konkret søknad.

Det planframlegget som nå ligg føre dekkjer ikkje det området der brevskrivaren ynskjer å dele frå tomter, og det må i så fall fremjast ein eigen plan om dette.

Merknadane frå eigar av gnr. 9 bnr. 133 fører ikkje til endringar i planframlegget.

Arvid og Agnes Sæbø (07.07.2016)

Merknadane går ut på at talet på sjøbuer bør reduseras til 10, og at storleiken på bygg 1 og bygg 2 må reduserast tilsvarande.

Bygga bør ha same møneretning som eksisterande bygg i Føresvik Marina, og mønehøgda må ikkje overstige 4 m.

Nåverande parkeringsplasser for Føresvik Marina må ikkje verta råka av utbygginga på moloen, og lengda på utriggarar innafor småbåtanlegg 1 må ikkje vera meir enn 6 m.

Kommentar

Når det gjeld talet på sjøbuer samt storleik, høgd og plassering av desse og dei andre nye bygga, vert det lagt til grunn at dette skal fastsetjast gjennom vurdering av ein detaljert plan som skal vera godkjent av kommunen før området kan byggjast ut.

Parkeringsdekninga totalt i området vert vurdert tilfredsstillande for den nye utbygginga med dei nye plassane det er gjort greie for. Lengd av utriggarar som kan leggjast ut, må vurderast ut frå maritime tilhøve etter hamne- og farvasslova slik som omsyn til manøvreringplass, tilflott etc.

Det siste er det Karmsund Havn som må vurdere når det ligg føre konkret søknad, jfr. kommentar til merknad frå styret i Sameiet Føresvik Marina.

Merknadane frå Arvid og Agnes Sæbø fører ikkje til endringar i planen utover det det er gjort greie for i kommentaren knytt til merknadane frå Rogaland fylkeskommune og styret i Sameiget Føresvik Marina.

Julianne og Johannes Nilssen (10.07.2016)

I merknadane frå desse vert det vert det peikt på at det må gå fram av reguleringsføresegnene for naust (pkt. 1.1.4) at desse og må gjelde for dei nausta som allereie er ført opp og godkjent.

Vidare vert det bede om at føresegnene for opnar opp for at naust kan nyttast til dagopphald og overnatting for båtbrukarane i hamna.

Det vert og argumentert med at golv i sjøbuene må kunne leggjast på same kotehøgde som dei sjøhusa som allereie er etablert i området.

Kommentar

Reguleringsføresegnene for naust i planen, gjeld for alle naust i planområdet, også for dei som allereie er etablert.

Føresegnene vert justert slik at tillaten mønehøgde vert sett til 5 m, tilsvarende det som gjeld for naust generelt i kommunen ut frå føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Når det gjeld tillaten høgdeplassering av naust, heiter det i føresegnen til kommuneplanen sin arealdel:

Ved tiltak i strandsona skal veiledningen «Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging» leggjast til grunn. Bygg for varig opphald og andre funksjonar, t.d. fritidsbustadar, skal ikkje etablerast lågare enn kote +2,5m. For naust og andre mindre bygningar gjeld kote +2,0 o.k. golv 1 etg.

Kravet er sett etter vurdering av effekten av framtidige klimaendringar, og forventet havnivåstigning som ein av desse verknadane.

Det synest ikkje liggja føre gode nok grunnar til å gjere avvik frå dette kravet som kommunen har vedteke ved rullering av kommuneplanen sin arealdel så seint som 17.12. 2013.

Merknadane frå Julianne og Johannes Nilssen fører ikkje til endringar i planen.

Kommentar til merknadane frå forslagsstillar (16.08.2016)

Med brev dagsett 22.07.2016 vart dei innkomne merknadane sendt over til firmaet som har laga planen og forslagsstillar for evt. kommentarar.

I e-post dagsett 16.08.2016 melder forslagsstillar frå om at plankartet ikkje treng endrast, men det vert foreslått nokre mindre endringar i føresegnene,

Endringane i føresegnene går i korte trekk ut på at namnet på planen vert foreslått endra til «Føresvik Molo», og opninga for å nytta sjøbuene til overnatting vert fjerna.

I tillegg er maks mønehøgde på sjøbuene redusert til 5,5 m, og ferdig golv i sjøbuene er foreslått lagt på kote +1,8, dvs. 20 cm. lågare enn kravet i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Kommentar

Ettersom planframlegget fannar om eit større areal enn sjølve moloen, kan namnet «Føresvik Molo» vera noko missvisande. «Føresvik Hamn – vestre del» vil vera eit meir dekkjande namn. Når det gjeld framlegget til endringar elles (opning for overnatting i sjøbuene og mønehøgde og høgdeplassering av desse), er dette kommentert i tilknytning til merknadane frå fylkeskommunen, Sameiet Føresvik Marina og Julianne og Johannes Nilssen.

Merknadane frå forslagsstillar til planen fører ikkje til endringar i planen utover det som går fram av kommentarane til desse.

Vurdering og konklusjon

Planframlegget ser i all hovudsak ut til å vere i samsvar med kommuneplanen når det gjeld den arealbruken planen legg opp til.

I sak 048/14 vart det mellom anna sett som ein føresetnad for å leggje planen ut til offentleg ettersyn, at planen viser gangveg/fortau langs den omlagde vegen, tilsvarende som i den gjeldande planen.

Den planen som nå vert fremja, viser ikkje fortau/gangveg, og konsulenten argumenterer med at trafikkmengda på denne vegen ikkje tilseier behov for dette.

I føresegnene til kommuneplanen sin arealdel heiter det mellom anna:

I områder for bebyggelse og anlegg kan utbygging ikkje setjast i gong før det er vurdert trong for å sikra etablert infrastrukturiltak som kommunaltekniske anlegg, straumforsyning, tilstrekkelig grøntareal, trafikksikker tilkomst for gåande, syklande og kjøyrande, og offentlege tenester. Kommunen kan krevje at tiltak ikkje vert tekne i bruk før slik infrastruktur er ferdigstilt.

Kva som ligg i trafikksikker tilkomst, kan sjølvstund diskutert. Dette må vurderast både i høve til dagens situasjon og ei framtidig utvikling av området.

Det må i samband med dette kunne leggast ei viss vekt på at kommuneplanen sin arealdel viser framtidig bustadområde nord for det området denne planen omfattar, og at den gjeldande reguleringsplanen også viser fortau/gangveg langs den vegen den nye vegen skal erstatte.

På denne bakgrunn synes det på ein måte lite framtidsretta at planendringa legg opp til ein veg utan fortau/gangveg.

På ei anna side, har konsulenten nok rett i at trafikkmengda på vegen vert liten, og omlegginga synes i alle høve å føre til at trafikksikkerleiken vert betre enn det som er tilfelle med vegen som ligg der i dag.

Det må innarbeidast naudsynt rekkefølgekrav når det gjeld kva tid vegomlegginga skal gjennomførast.

Det vert derfor rådd til at det vert teke inn fylgjande rekkefølgjekrav i føresegnene:

Før framtidige bygningar på moloen kan takast i bruk, må ny offentleg kjøreveg veg som vist i planen vera opparbeidd og godkjent.

Ut frå terrengtilhøva på staden, går det fram at den nye vegen vil liggje i ei etter måte stor fylling der den vert knytt til den eksisterande vegen i sør.

Konsulenten har lagt ved utgreiing om dette der han meiner at vegen kan utførast med ei normal fyllingsskråning utan støttemurar.

Dette må det gjerast greie for i detalj når det skal lagast tekniske planar for utførsle.

Når det gjeld kravet om at det skal dokumentert at moloen tilfredsstiller kravet til byggegrunn, legg planframlegget opp til at dette fyrst skal gjerast når det vert aktuelt å fremje ein søknad om bygging på moloen.

Sjølve molokroppen er dimensjonert av eit konsulentfirma med kompetanse på denne typen arbeid, men det ligg ikkje føre undersøking av grunntilhøva under molokroppen som grunnlag for å vurdere faren for grunnbrot.

Dette burde vore gjort som ein del av ROS-analysen, men kostnaden for slik undersøking er så stor at forslagstillaren av planen ynskjer å få avklart plangrunnlaget før slik undersøking vert føreteke.

Moloen har i dag ei utførsle som ikkje er i samsvar med den konsulentutgreiinga som ligg føre.

Det ligg ikkje føre vurdering i høve til naturmangfaldslova.

Dette burde vore gjort.

Ettersom det her er tale om justeringar av ein gjeldande plan, må det likevel kunne akseptert at denne vurderinga manglar.

Når det gjeld parkeringsbehovet, har konsulenten lagt til grunn at naust og sjøbuer ikkje utløyser krav om parkeringsplassar, då desse ikkje er rekna for varig opphald.

I samband med bygging av dei eksisterande nausta, vart det stilt krav om etablering av 15 parkeringsplassar, men ut frå føresegnene til det nye planframlegget ville behovet etter konsulenten si vurdering vera 6 plassar knytt til dette området.

I det resteranda anlegget har konsulenten rekna behovet til 7 parkeringsplassar.

Totalt viser planen 27 parkeringsplassar, der 15 av desse er vist i tilknytning til dei etablerte nausta i samsvar med kravet i samband med godkjenning av desse nausta.

7 av bilplassane er vist som kantparkering langs den nye offentlege vegen.

Parkeringsplassar for anlegget må leggjast på eigen grunn, og parkeringsplassar langs ein veg som vert regulert som offentlig veg kan ikkje reknast inn når behovsdekninga knytt til det private naust-, sjøbu- og småbåtanlegget skal vurderast.

Dersom dei nye reguleringsføresegnene vert lagt til grunn, må likevel behov for parkeringsplassar seiast å vera dekkja utan dei plassane som er vist langs den offentlege vegen.

Ut frå ei totalvurdering rår rådmannen til at planframlegget vert endeleg godkjent med dei endringar som det er gjort greie for i saksførebuinga.



Dok. ref.
14/119-62/K2-L12//BJL

Dato:
08.08.2016

Reguleringsplan Føresvik Hamn - vestre del, reguleringsføresegner (Pbl.§12-7)(Justert 18.08.2016 etter utlegging til offentlig ettersyn)

Føresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med plangrense.
(Nummerering i parentes viser til kartkodar i Forskrift av 26.juni 2009 om kart, stedfestet informasjon, arealformål.....)

Området vert regulert til fylgjande føremål (Pbl. §12-5)

1.Bygningar og anlegg.

Andre typar bygg og anlegg (1500)

- Småbåtanlegg. Felles(1587)
- Naust(1589)
- Sjøbuer (Uthus) (1589)
- Andre særskilde bygg og anlegg.(1590)
 - Utandørs opphald under tak.Felles
 - Båtgarsjar
 - Sløyehus.

Uteopphaldsareal.(1600)

- Anna uteopphaldsareal. (1690)
- Anna uteopphaldsareal. Felles(1690)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

- Køyreveg. Offentleg (2011)
- Køyreveg. Felles(2011)
- Gangveg/brygge . Felles(2016)
- Annan veggrunn. Grøntareal.(2019)
- Parkeringsplass. Felles.(2080)

Bruk og vern av sjø og vassdrag.

- Hamneområde i sjø(6220)

Hensynsoner i reguleringsplan. Pbl. §12-6

- Sikringssone.Frisikt.(140)

(Nummerering i teksten viser til plankartet si nummerering av dei ulike parsellane.)

§ 1. BYGNINGAR OG ANLEGG. Pbl.§12-5. 1.ledd.

1.1 Andre typar bygg og anlegg .

1.1.1 Småbåtanlegg 1. Felles.

Området skal nyttast som fortøyingssjå for båt og er felles for dei som eig båtplass innanfor arealet «SBA1».

Innanfor «småbåtanlegg 1» kan det etablerast utliggarar med lengde ~~tilpassa avstanden frå brygga og til småbåtanlegget si søre avgrensing~~ som må godkjennast av Karmsund Hamn/Kystverket i kvart høve etter vurdering ut frå krava i hamne- farvasslova.

«SBA1» har plass til ca.16 båtar.

Det skal sikrast 3 parkeringsplassar pr.10 båtplassar innanfor (felles parkeringsareal) parkeringsareal 3 og 4.

Tiltak i sjø skal godkjennast av Kystverket, Karmsund Havnevesen, Fiskeridirektoratet og Bokn kommune.

1.1.2 Småbåtanlegg 2. Felles.

Området skal nyttast som fortøyingsplass for båt og er felles for 9/133 og dei som eig naust i område 1,2 og 3.

Innanfor «småbåtanlegg 2» kan det etablerast utliggarar med lengde ~~slik det er vist på plankartet~~ som må godkjennast av Karmsund Hamn/Kystverket i kvart høve etter vurdering ut frå krava i hamne- farvasslova. «SBA2» har plass til ca.20 båtar. Det skal sikrast 3 parkeringsplassar pr.10 båtplassar innanfor «Parkering 1»

Tiltak i sjø skal godkjennast av Kystverket, Karmsund Havnevesen, Fiskeridirektoratet og Bokn kommune.

1.1.3 Småbåtanlegg 3.

Området skal nyttast som fortøyingsplass for båt og som tilkome til tilgrensande naust og båtgarasjar. Faste eller flytande konstruksjonar må ikkje etablerast dersom det hindrar naudsynt ferdsel i området. Det skal sikrast 3 parkeringsplassar pr.10 båtplassar innanfor «Parkering 4»

1.1.4 Naust 1,2,3,4,5.

Områdene tillates brukt til ~~fritidsbebyggelse~~ naust. Tillatt BYA=35m² og tillatt mønehøyde ~~5,5m~~ 5,0m målt frå topp innvendig golv. Max vindusflate 0,8m².

Parkeringskrav er sett til båtplassane. Naust er knytt til båtplassane og det er ikkje sett eigne parkeringskrav til naust.

1.1.5 Sjøbuer

I området kan det førast opp bygningar med buer for brukarane av småbåthamnene.

Buene skal ~~primært~~ nyttast for lagring av utstyr tilknytta fiske og friluftsliv i båt.

Innanfor «Sjøbuer1»/«Sjøbuer2» kan det etablerast felles sanitæranlegg.

Bygg må førast opp innanfor dei grensene som er vist i planen. ~~Buene skal utførast med saltak der max. mønehøgde ikkje skal overstige 6,5 m. Det vert lagt vekt på variasjon i høgder, takvinkel og møneretning. Kvart område skal byggast ut etter ein samla og godkjend plan. Takvinkel skal primært vere mellom 32 og 38 grader. Taktekking skal vere i tegl, skifer eller liknande betongprodukt. Fasadar mot hamna skal ha trepanel og farge i kvitt, oker, låveraud eller naturleg grått. Vindauge skal ha ståande format. Mot hamna kan inntil 30% av fasaden ha dør/vindauge eller andre opningar, men likevel utan at preget av sjøbu vert øydelagt.~~

~~Ferdig golv kan ligge på kote 2,0. Foresetnaden er at bygningsdeler under kote 2,5 blir utført slik at inntrenging av sjøvatt ikkje vil påføre bygningen skader.~~

Kvart område skal byggast ut etter ein samla plan, som skal godkjennast av kommunen før det kan gjevast byggeløyve. I samband med utarbeiding av planen og oppføring av sjøbuene, må det gjerast greie for, og gjennomføre, tiltak for å sikre ålmenn ferdsle for fotgjengarar på gangvegen gjennom bryggeanlegget.

Utforming og storleik på sjøbuene må vurderast i detaljplanen.

Mønehøgde må ikkje vera større enn 5,0 m målt frå topp innvendig golv. Ferdig golv kan ligge på kote 2,0.

Vegg mot nord må sikrast mot vind og bølgepåverknad. Utføring i betong eller mur blir akseptert dersom det er tilpassa bygga sin stil og samla uttrykk. Tak sin konstruksjon og bruk av festemiddel må ha særleg merksemd. Bygga kan brukast til overnatting og dagopphald for båtbrukarane i hamna. Vatn og avlaup blir ikkje tillatt

innlagt. Felles sanitæranlegg og vannpost kan etablerast innanfor område for sjøbuer.

Innanfor område «Sjøbuer2» kan det leggest til rette for opphald og uformell møteplass under tak. Takform og materialbruk skal tilpassast sjøbuene og må prosjekterast i samla plan for «Sjøbuer 2». Sanitærbygg og uteplass er felles for båthamna sine brukarar/sjøbuer/naust sine eigarar.

Sjøbuene er i hovudsak knytt til småbåtanlegg «SBA1» og har ikkje separate parkeringskrav.

Ved byggemelding må det i samsvar med pbl§28-1 dokumenterast at molo er tilstrekkeleg sikker som byggegrunn. Tilsvarande gjeld for den til ei kvar tid gjeldande byggetekniske forskrift.

1.1.6 Andre særskilde bygg og anlegg.

-Båtgarsjar.

Godkjende byggemeldingar inngår i planen. Bygga skal ha saltak og mønehøgde inntil 6,2 m over kote 1,6. Bruksareal kan vere inntil 60 m².BYA.

- Sløyehus. (nr.3)

Eit enkelt bygg med levegg og tak kan førast opp. Taket sitt høgaste punkt skal ikkje overstige 4 meter over tilliggande planert terreng. BYA tillatast inntil 35 m². Bygget kan førast opp 1 meter frå nabogrensa.

1.3 Uteoppfallsareal.

1.3.1 **Anna uteoppfallsareal.** Området skal tilretteleggast for opphald som uformell møteplass knytt til sløyehuset og andre aktivitetar knytt til fiske og båtliv.

1.4 Fellesføresegner.

1.4.1 Området skal nyttast til maritim rekreasjon.

§2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR. Pbl.§12-5. 2.ledd.

2.1 Køyreveg. Offentleg

Området skal nyttast til køyreveg med tilhøyrande anlegg. Molovegen er regulert til 4 meter breidde inkludert 0,25 m grusskulder på kvar side og 3,5 m asfalt.(

Jfr.Vegvesenet si Handbok- 017.»Atkomstveger i boligområder, fartsgrense 30 km/t. Figur C21»

2.2 Køyreveg. Felles.

Området skal nyttast til køyreveg med tilhøyrande anlegg. Vegen er felles for «Naust 1,2,3», brukarar/eigarar av båtplassar innanfor SBA2 og 9/133. Vegen er regulert til 4,0 meter breidde der 0,5 meter på kvar side skal vere grus-skulder. 3,0 meter skal vere køyrebane med grus eller asfalt. Vegen skal vere open for allmenn ferdsel.

2.3 Gangveg/brygge . Felles.

Gangvegar /brygger er felles for alle eigedomar innanfor planområdet. Til dette kjem og eigarar av båtplassar.

Brygger og gangvegar skal ha breidde som vist på plankart og opparbeidast utan hindringar og stengsel av noko slag. Gangbaner og overgangar skal utførast så langt praktisk råd er med universell utforming. Brygger og gangvegar skal vere opne for allmenn ferdsel. Stengsel og anna avgrensing er ikkje tillatt.

2.4 Annan veggrunn. Grøntareal.

Arealet skal opparbeidast slik at vegarealet, gangvegar og tilkoma til Føresvik Marina får eit tiltalende og velstelt preg.

Arealet skal matjorddekkast og tilplantast med lågtvoksende vegetasjon. Vegetasjonen må ikkje skape hindringar i frisiktsoner.

Arbeidet skal vere avslutta og godkjent før naust/sjøbuer kan takast i bruk.

2.5 Parkeringsplassar. Felles.

Parkeringsplassane 1 og2 er felles for «Småbåtanlegg 2» og «Naust 1,2,3».

Parkeringsplassane skal vere ferdigstilte før båtplassar innanfor «Småbåtanlegg 2» blir tatt i bruk.

Parkeringsplassane 3 og 4 er felles for «Sjøbuer 1», «Sjøbuer 2», båtgarasjane, «SBA3», «Naust4», «Naust5» og «Småbåtanlegg 1» (SBA1).

Parkeringsplassane skal vere ferdigstilte før båt plassar innanfor «Småbåtanlegg 1» blir tatt i bruk.

For å dekke trongen for parkeringsplassar til «Småbåtanlegg 1» skal det skal opparbeidast 3 parkerings-plassar pr. 10 båt plassar.

2.6 Hensynsone. Pbl. §12-6. Sikringssone. (140) Frisikt.

Frisiktsone skal etablerast samtidig med veganlegget elles. Område vist som frisiktsone i vegkryss skal ha fri sikt i ei høgd av 0,5 meter over møtande vegar sitt plan.

2.7 Fellesføresegner.

I samsvar med TEK10 §12-17 skal det ved terrengprang større enn 0,5m sikrast mot fallskader. Der høgdeskilnaden er mindre enn 3m kan anna forsvarleg anordning enn rekkverk eller brystning med 1,0m høgde nyttast. Jfr. Byggteknisk forskrift §8-10. Sikring må vere gjennomført før bygningar og anlegg blir tatt i bruk.


Før framtidige bygningar på moloen kan takast i bruk, må ny offentleg kjøreveg veg som vist i planen vera opparbeida og godkjent.

§6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG. Pbl. §12-5. 6.ledd.

6.1 Hamneområde i sjø

Innanfor området er det ikkje høve til å etablere faste konstruksjonar. Området skal haldast fritt for fortøying av båt, oppankring, bøyer og andre botnfeste. Båtferdsel innanfor området må avgrensast til naudsynt ferdsel til og frå faste båt plassar.

Tiltak i sjø skal godkjennast av Kystverket, Karmsund Havnevesen, Fiskeridirektoratet og Bokn kommune.



TEGNFORKLARING

1. BEBYGGELSE OG ANLEGG § 12-5 ledd nr. 1

- Småbånanlegg i sjø
- Utøve / hus / badstue
- Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg
- Annet utøppholdsareal

2. SAMFERDSELSANL. OG TEKN. INFRASTRUKTUR § 12 - 5. ledd nr. 2

- Kjøleveg
- Gangveg / gangareal
- Annen veggrunn grenseareal
- Parkering

6. BRUK OG VERN I SJØ OG VASSDRAG § 12 - 5. ledd nr. 6

- Havneområde i sjø

LINJESYMBOLER MV.

- Planens avgrensning
- Formliggrense
- Bygrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert sentralinje
- Friskikling
- Regulert parkeringfelt
- Måle- og avstandslinje

Kartgrunnlag: FKB-A (M 1:1 000)
Digitalisering, redigering og grafisk utforming utført av Tysvær kommune

SOSI versjon: 4.5
Koordinatsystem: Euref89, UTM-zone12
Høydegrunnlag: NN2000
Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:1000



REGULERINGSEPLAN FOR FØRESVIK MARINA BOKN KOMMUNE

Detaljreguleringseplan i medhold av PBL 2008
MED TILHØRENDE REGULERINGSESTEMMELESEN



Planid : 201402

Kartprodusent:
Resultatortide Teknisk
av Tysvær kommune

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

Oppstartstidspunkt: 13.02.2014

Preist for metode: 03.04.2014

Siste revisjon av planmateriale: 01.04.2016

- 1. GANGS BEHANDLING I FORVALTNINGSSTYRET
UTTREGNING TIL OFFENTLIG ETTERSYN I LIDERSKOMMET
- 2. GANGS BEHANDLING I FORVALTNINGSSTYRET

Kommunestyrets vedtak:

PLANEN ER UTARBEIDET AV:

Hereid Hus

Kåre Frøland

Siv. Arkitekt
kfrøland@online.no Tlf 90141525

SAKS-
NR.

TEGN-
NR.

SAKS-
BEH.
KF

Kåre Bua

Fra: Bjørn Oddvar Madsen <madsen@rrs.no>
Sendt: 16. august 2016 12:36
Til: Kåre Bua
Kopi: Jan Erik Nygaard; Ole Johnny Hauge
Emne: Fwd: Føresvik Molo
Vedlegg: Nytt forslag.pdf; Innsendt forslag med påtegn.pdf; Kommentarer og vurderinger til de merknader som foreligger.odt; Brev fra Siv.ark Kåre Frøland.pdf

Hei igjen.

Svehaug Eiendom as har brukt siv. ark Kåre Frøland ifm reguleringsarbeider i Bokn kommune, men som vedlagte brev fra han viser har han vært indisponert og føler seg "ugild" slik at brev fra deg av 22.7.16 blir besvart av oss. Vi har imidlertid avklart dette med Kåre, og hans kommentarer følger i maillinken.

Vi ser at plankartet ikke trenger å endres og at det er rimelig små endringer som må gjøres for å ivareta de merknader og kommentarer til planforslaget. Vi ser det derfor som mulig nå at vedlagte "planforesegner" kan vedtas slik de framkommer.

I korte trekk er reguleringsføresegnene endret ved at navnet er endret til "føresvik molo", og overnatting/beboelse er tatt ut (det viser seg nå at dette har vært en redigeringsfeil fra Kåre sin side) Videre er tatt ned maks mønehøyde til 5,5 meter, og ferdig golv ned til kote 1,8

Vedlagt følger redigert "reguleringsføresegner"

Påtegnet endringer i "reguleringsføresegnene"

Vurdering av innkomne merknader. Denne er i wordformat, som ev kan endres/tillegges vurderinger fra administrasjonen.

(vi vil gjerne få vite om ev endringer som blir gjort)

Dersom det er behov for mer informasjon eller avklaringer, kan vi stiller i møte på Bokn på kort varsel - utenom uke 34.

Bjørn Oddvar Madsen har vært engasjert av Svehaug Eiendom as i denne forbindelse.

----- Forwarded message -----

From: Kåre Frøland <kfroland@online.no>

Date: 2016-08-16 9:06 GMT+02:00

Subject: SV: Føresvik Molo

To: Bjørn Oddvar Madsen <madsen@rrs.no>

Bjørn Oddvar.

Godt jobba!

Eg har nokre små kommentarar. (Scannaren min tok ferie i går og gidd ikkje lenger å ta kontakt med laptopen.

Kommentarane er enkle:

Reg.føresegnene ser ok-ut. Fylkeskommunen sine kommentarar om barn/unge osv viser mest at dei har hatt god tid nett no.

Kommentarane til merknadane: Berre småting: Johannes Nilssen..Din kommentar "ut fra en totalvurdering..ber vi?/ har Johannes..endra merknaden??"

Sameiget sin merknad: Den 3.siste linja i din kommentar...

Slik det ser ut, skal det etter kommentarane ikkje gjerast endringar i plankartet.

Mvh

Kåre

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Oddvar Madsen [<mailto:madsen@rrs.no>]

Sendt: 16. august 2016 00:53

Til: kfroland@online.no

Emne: Føresvik Molo

Se vedlagt påbegynt kommentar og vurdering i word som kan endres, samt innsendt planforslag med påtegning, og redigert planforslag.

Vennligst kvalitetsikre dette asap.

--

Bjørn Oddvar Madsen
Forretningsutvikler
Rogaland Ressurssenter as
M. +4797040012

--

Bjørn Oddvar Madsen
Forretningsutvikler
Rogaland Ressurssenter as
M. +4797040012

REGULERINGSPLAN FOR «FØRESVIK MOLO», BOKN KOMMUNE.

REGULERINGSFØRESEGNER. (Pbl. §12-7)

Føresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med plangrense.

(Nummerering i parentes viser til kartkodar i Forskrift av 26.juni 2009 om kart, stedfestet informasjon, arealformål.....)

Området vert regulert til fylgjande føremål (Pbl. §12-5)

1.Bygningar og anlegg.

Andre typar bygg og anlegg (1500)

- Småbåtanlegg. Felles(1587)
- Naust(1589)
 - Sjøbuer (Uthus) (1589)
- Andre særskilde bygg og anlegg.(1590)
 - Utandørs opphald under tak.Felles
 - Båtgarasjar
 - Sløyehus.

Uteopphaldsareal.(1600)

- Anna uteopphaldsareal. (1690)
- Anna uteopphaldsareal. Felles(1690)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

- Køyreveg. Offentleg (2011)
- Køyreveg. Felles(2011)
- Gangveg/brygge . Felles(2016)
- Annan veggrunn. Grøntareal.(2019)
- Parkeringsplass. Felles.(2080)

Bruk og vern av sjø og vassdrag.

- Hamneområde i sjø(6220)

Hensynsoner i reguleringsplan. Pbl. §12-6

- Sikringssone.Frisikt.(140)

(Nummerering i teksten viser til plankartet si nummerering av dei ulike parsellane.)

§ 1. BYGNINGAR OG ANLEGG. Pbl. §12-5. 1.ledd.

1.1 Andre typar bygg og anlegg .

1.1.1 Småbåtanlegg 1. Felles.

Området skal nyttast som fortøyingsplass for båt og er felles for dei som eig båtplass innanfor arealet «SBA1».

Innanfor «småbåtanlegg 1» kan det etablerast utliggarar med lengde tilpassa avstanden frå brygga og til småbåtanlegget si søre avgrensing. «SBA1» har plass til ca.16 båtar.

Det skal sikrast 3 parkeringsplassar pr.10 båtplassar innanfor (felles parkeringsareal) parkeringsareal 3 og 4.

Tiltak i sjø skal godkjennast av Kystverket, Karmsund Havnevesen, Fiskeridirektoratet og Bokn kommune.

1.1.2 Småbåtanlegg 2. Felles.

Området skal nyttast som fortøyingsplass for båt og er felles for 9/133 og dei som eig naust i område 1,2 og 3.

Innanfor «småbåtanlegg 2» kan det etablerast utliggarar med lengde slik det er vist på plankartet. «SBA2» har plass til ca.20 båtar. Det skal sikrast 3 parkeringsplassar pr.10 båtplassar innanfor «Parkering 1»

Tiltak i sjø skal godkjennast av Kystverket, Karmsund Havnevesen, Fiskeridirektoratet og Bokn kommune.

1.1.3 Småbåtanlegg 3.

Området skal nyttast som fortøyingsplass for båt og som tilkome til tilgrensande naust og båtgarasjar. Faste eller flytande konstruksjonar må ikkje etablerast dersom det hindrar naudsynt ferdsel i området. Det skal sikrast 3 parkeringsplassar pr.10 båtplassar innanfor «Parkering 4»

1.1.4 Naust 1,2,3,4,5.

Områdene tillates brukt til naust. Tillatt nybygg maksimalt BYA=35m² og tillatt mønehøyde 5,5m. Max vindusflate 0,8m².

Parkeringskrav er sett til båtplassane. Naust er knytt til båtplassane og det er ikkje sett eigne parkeringskrav til naust.

1.1.5 Sjøbuer

I området kan det først opp bygningar med buer for brukarane av småbåthamnene. Buene skal primært nyttast for lagring av utstyr tilknytta fiske og friluftsliv i båt. Innanfor «Sjøbuer1»/«Sjøbuer2» kan det etablerast felles sanitæranlegg.

Bygg må først opp innanfor dei grensene som er vist i planen. Buene skal utførast med saltak der max. mønehøgde ikkje skal overstige 5,5 m. Det vert lagt vekt på variasjon i høgder, takvinkel og møneretning. Kvart område skal byggast ut etter godkjend plan. Takvinkel skal primært vere mellom 32 og 38 grader. Taktekking skal vere i tegl, skifer eller liknande betongprodukt. Fasadar mot hamna skal ha trepanel og farge i kvitt, oker, låveraud eller naturleg grått. Vindauge skal ha ståande format. Mot hamna kan inntil 30% av fasaden ha dør/vindauge eller andre opningar, men likevel utan at preget av sjøbu vert øydelagt.

